
Saksnr: 2020/71396-20
Saksbehandlar: Ragnhild Dalsbø

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		08.09.2021
Fylkesutvalet		21.09.2021
Fylkestinget		29.09.2021

Forlenging av Askøypakken

Forslag til innstilling

- Fylkestinget viser til Askøy kommune sitt ønske om utviding av Askøypakken i ytterlegare 5 år for å fullføre prosjekta i pakken og få eit meir tenleg vegnett på Askøy. Det er eit stort behov for å fullføre prosjekta i pakken, og fylkestinget støtter difor ei forlenging av pakken.
- Fylkestinget sluttar seg til det foreslåtte opplegget for vidareføring av Askøypakken slik det er skissert i denne saka. Dette inneberer eit bompenggebidrag på 1 276 mill. 2021-kr i den reviderte pakken. Fylkeskommunen skal bidra med 386 mill. 2021-kr, inkludert mva-refusjon. Pakken skal ferdigstille følgjande 3 prosjekt som er starta opp:
 - Fv. 563 Strømsnes - Hop
 - Fv. 213 Skiftesvik - Marikoven
 - Fv. 562 Lavik - HauglandPakken skal i tillegg finansiere følgjande 3 prosjekt i prioritert rekkjefølgje:
 - Fv. 212 Slettebrekka - Hetlevik
 - Fv. 562 Fromreide - Kjerrgarden
 - Fv. 562 FauskangerDet vert i tillegg avsett ei ramme til kollektivtiltak. Det fylkeskommunale bidraget skal finansiere kollektivtataka.
- Omfanget av utbygginga vert tilpassa den økonomiske ramma. Om alle prosjekta vert finansierte før utløpet av bompengeperioden, skal bompengeperioden bli avslutta.
- Dagens innkrevjing i dei 4 eksisterande bomstasjonane med einvegs innkrevjing i retning Kleppestø/Bergen blir vidareført i heile bompengeperioden. Det vert i tillegg oppretta ein ny bomstasjon på Kleppevegen nord for rundkøyringa ved Vatnavatnet med innkrevjingsretning mot Kleppestø. Det blir lagt til grunn at kommunal veg Skarholmvegen vert stengt for gjennomkøyring i køyreretning mot Kleppestø.
- Fram til innkrevjinga kan starte i det reviderte bompenggeopplegget, held innkrevjinga fram som før i dei 4 eksisterande bomstasjonane på Askøy.
- Ved bruk av elektronisk brikke får køyretøy i takstgruppe 1 ein rabatt på 20 pst. Det blir ikkje gitt rabatt til køyretøy i takstgruppe 2. Det er lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy skal ha inntil

50 pst. av taksten for konvensjonelle køyretøy. Det er lagt til grunn innføring av vidareføring av månadleg passeringstak på 30 passeringar. Når innkrevjinga i den i nye bomstasjonen startar, er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg inntekt per passering på omlag 13,90 kr (2021-kr). Dette svarar til ein grunntakst på om lag 32 kr (2021-kroner) for køyretøy i takstgruppe 1 (køyretøy med tillat totalvekt til og med 3500 kg samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale). Køyretøy i takstgruppe 2 (køyretøy med tillat totalvekt frå og med 3501 kg ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale), betaler dobbelt takst.

7. Dersom gjennomsnittleg inntekt per passering kjem under 13,90 2021-kroner, vert det føresett at grunntaksten blir justert slik at gjennomsnittleg takst pr passering kjem opp på 13,90 2021-kroner.
8. Den utvida bompengerperioden er sett til 5 år frå avslutting av gjeldande bompengerperiode, slik at innkrevjingslutt forlengast frå 2028 til 2033.
9. Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, vidarefører Vestland fylkeskommune gjeldande garanti for Askøypakken ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 575 mill. 2021-kr for heile Askøypakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 633 mill. 2021-kr. Garantien skal gjelde ut bompengerperioden til 2033, og i tillegg inntil to år. Garantibeløpet vert redusert i takt med nedbetaling av lånet. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar.

Samandrag

Askøy kommune ønskjer å forlengje Askøypakken, og Samferdselsdepartementet har gitt opning for å forlengje nedbetalingstida med 5 år. Samtidig ønskjer kommunen å innføre ein 5. bomstasjon på fv. 216 og stenge Skarholmvegen i retning Kleppstø. Det vil og bli ei oppjustering av takstane. Ved innføring av ei slik revidert Askøypakken er målet å sikre fullfinansiering av prosjekta i Askøypakken og få eit meir tenleg vegnett på Askøy. Vestland fylkeskommune vil sende inn utkast til bompengeproposisjon før årsskiftet 2021/2022.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Dina Lefdal
avdelingsdirektør infrastruktur og veg

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:

- Fagleg grunnlag for forlenging av Askøypakken
- Trafikkvurdering ny bomstasjon Askøy

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Askøypakken vart vedteken i Stortinget gjennom Prp. 197 S (2012-2013). Bompengerekkjeringa starta opp i hausten 2014 og skal avsluttast i 2028. Pakken omfattar ti prosjekt og tiltak i tillegg til ei ramme til kollektivtrafikktiltak. Finansieringa er basert på fylkeskommunale midlar og bompengar.

Fleire av prosjekta har vist seg å vere meir kostnadskrevjande enn det som opphavleg vart lagt til grunn, og trafikken har blitt lågare enn forventa. Med auka elbil del har også gjennomsnittstaksten i pakken blitt redusert. Takstnivået har heller ikkje vore justert dei seinare åra. Ut i frå dette har det ikkje vore mogleg å finansiere alle tiltaka i porteføljen.

Ei rekkje tiltak er fullførte. Dette gjeld:

- Fv. 563 Florvåg - Erdal (Fv. 563 Bakarvågen)
- Fv. 212 Lindhaugen- Slettebrekka
- Fv. 562 Strusshamnkruset
- Fv. 216 Skansen (Kleppe)

Følgjande prosjekt er under realisering.

- Fv. 563 Strømsnes - Hop
- Fv. 562 Lavik-Haugland
- Fv. 213 Skiftesvik-Marikoven

Det går fram av gjeldande stortingsproposisjon for Askøypakken at dei fylkeskommunale midlane skal nyttast til kollektivtiltak. Dette vert lagt opp til å vidareføre dette.

Det er for tida tre prosjekt som ikkje er starta opp grunna manglande finansiering. Dette er:

- Fv. 212 Slettebrekka-Hetlevik
- Fv. 562 Fromeide-Kjerrgården
- Fv. 562 Fauskanger sør

Askøy kommune vedtok 2. november 2017 å forlengje innkrevjingstida i Askøypakken med 5 år, for å kunne realisere alle prosjekta i Askøypakken.

Fylkestinget gjorde m.a. følgjande vedtak ved handsaming av Investeringsprogram for fylkesvegnettet 12. desember 2017:

«For å sikre gjennomføring av alle prosjekta i Askøypakken ber fylkestinget om at det vert arbeidd med å auke inntektsgrunnlaget i pakken. Fylkestinget ber om at prosjekta som er starta vert bygd fortløpande og at øvrige prosjekt vert prioritert i samarbeid mellom kontaktutval og Statens vegvesen.»

På grunnlag av desse vedtaka, utarbeida Statens vegvesen eit fagleg grunnlag for vidareføring av pakka som vart sendt til Vegdirektoratet til kvalitetssikring.

Askøypakken er ein porteføljestyrt bompengepakke. I brev av frå Samferdselsdepartementet 20. mai 2019 om Nye retningslinjer for porteføljestyrt bompengepakkar gjekk det m.a. fram at forlenging av innkrevjingstid ikkje lenger er eit aktuelt verkemiddel for porteføljestyrt bompengepakkar.

Askøy kommune har vore i dialog med departementet om likevel å få forlengja pakka. I brev datert 12. januar 2021 opna Samferdselsdepartementet for at det kan søkjast om forlenging av Askøypakken, då lokale vedtak om forlenging vart gjort før dei nye føringane vart innførte. Føresetnaden er at det er eit lokalt ønskje om å leggje fram ein ny bompengeproposisjon. Det er likevel presisert at det ikkje er teke endeleg avgjerd i saka.

I eit brev frå Samferdselsdepartementet datert 26.mars 2021 skisserast formalitetar om søknadsprosessen ved ei eventuell revidering av Askøypakken. Det går fram av brevet at Vestland fylkeskommune må ta ansvaret for å utarbeide utkastet til bompengeproposisjon. Denne må sendast til Statens vegvesen for kvalitetssikring, før saka kan handsamast av Stortinget. Vidare må det dokumenterast at den reviderte pakken faktisk kan finansiere alle prosjekta som ligg i pakken, og prosjekta bør gå fram i prioritert rekkjefølgje.

Fylkeskommunedirektøren har arbeidd med eit fagleg grunnlag for saka.

På bakgrunn av dette gjorde kommunestyret på Askøy gjorde følgende vedtak 17.juni 2021:

1. «Askøy kommune utarbeider politisk sak vedrørende Stortingsproposisjon, om forlengelse av Askøypakken sammen med Vestland fylkeskommune. Saken fremlegges for kommunestyret i september 2021.
2. Askøy kommune har intensjon om å sikre en fullfinansiering av Askøypakken. Aktuelle tiltak:
 - a. Nedbetalingstiden for Askøypakken forlenges med 5 år.
 - b. Takstene blir økt slik at gjennomsnittstakst på minimum 15,55 kroner blir oppnådd.
 - c. Skarholmsvegen stenges for gjennomgangstrafikk.
 - d. Det blir vurdert å sette opp ny bomstasjon på Fv. 216.
3. Det foretas en utredning i forhold til en ekstra bomstasjon på Fv. 216. Beslutningen om det skal etableres en ny bomstasjon på Fv. 216 tas i september, etter at det er fremskaffet et nærmere grunnlag.
4. Oppstart av Fv. 212 Slettebrekka - Hetlevik har prioritet. Prosjektene skal ha en prioriteringsrekke i henhold til kontaktutvalgets fremdriftsplan:
 - a. Fv. 212 Slettebrekka - Hetlevik.
 - b. Fv. 562 Fromreide - Kjerrgarden.
 - c. Fv. 562 Fauskanger sør.
5. Askøy kommune mener Vestland fylkeskommune må øke sitt bidrag for å få gjennomført alle prosjektene i Askøypakken»

Vestland fylkeskommune har i samarbeid med Askøy kommune utarbeida eit fagleg grunnlag som følger vedlagt.

Prosjekta i revidert Askøypakke

Tabellen under viser prosjekta i som inngår revidert Askøypakke og kostnader for perioden 2021-2028.

Pri	Prosjekt	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	Kostnader 2021-2028
Ferdigstilling av prosjekt										
	Fv. 212 Lindhaugen - Slettebrekka	2								2
	Fv. 563 Strømsnes - Hop	63	3							66
	Fv. 213 Skiftesvik - Marikoven	17	73	50						140
	Fv. 562 Lavik - Haugland	33	98	140	130	73				474
Nye prosjekt										
1	Fv. 212 Slettebrekka - Hetlevik	11		40	100	100	42			293
2	Fv. 562 Fromreide - Kjerrgarden				30	70	80	80	27	287
3	Fv. 562 Fauskanger				10	20	50	41		121
	Ramme til kollektivtiltak	13	5	10	20	75	80	50	26	279
	SUM	139	179	240	290	338	252	171	53	1 662

Det er laga oppdaterte kostnadsanslag for alle prosjekta i pakken.

Kartet nedanfor viser prosjekta i pakken.



Fv. 563 Strømsnes - Hop

Prosjektet inneberer utviding av ei 3,3 kilometer lang strekning, det skal kome nytt fortau langs heile strekninga, i tillegg til to nye bruer. Vegen er venta ferdig i løpet av sommaren 2021.

Fv. 213 Skiftesvik - Marikoven

Oppstart av bygging av ny veg starta i midten av oktober 2019. Entreprenøren på prosjektet gjekk konkurs i desember 2020. Derfor blei prosjektet lyst ut på nytt i juli 2021. Ei strekning på 1,4 kilometer av vegen skal utvidast, det vil også komme nytt fortau langs eksisterande veg. Avkøyrslar skal samlast til felles avkøyrslar, og det skal byggast ei ny bru ved sida av eksisterande bru ved Pøyla.

Fv. 562 Lavik - Haugland

Prosjektet blei lyst ut juli 2021, og har forventa oppstart på nyåret 2022. Det strekk seg over 3,4 kilometer, med delvis utbetring av eksisterande veg og delvis heilt ny veg. Langs heile strekninga kjem det ny gang- og sykkelveg. I tillegg blir det fire nye bruer og ei ny rundkjøring.

Prioritet 1 - Fv. 212 Slettebrekka - Hetlevik

Det er planlagt ein ny 2,4 kilometer lang veg, der dei siste 600 metrane mot Hetlevik går i tunnel. Prosjektet har oppdatert anslag per mai 2021.

Prioritet 2 - Fv. 562 Fromreide - Kjerrgarden

Det er planlagt utviding av 2,5 kilometer av eksisterande veg, og bygging av gang- og sykkelveg langs heile strekninga. Eksisterande bru over Fromreidstraumen er planlagt utvida. Prosjektet har oppdatert anslag per mai 2021.

Prioritet 3 - Fv. 562 Fauskanger sør

Det er planlagt utbetring av 1 km av eksisterande veg, og bygging av gang- og sykkelveg langs heile strekninga. Prosjektet har oppdatert anslag per mai 2021.

Ramme til kollektivtiltak

Ramma til kollektivtiltak er på 279 mill. Det er førebels brukt eit mindre beløp til kollektivtiltak i Askøypakken. Det er under utarbeiding ein områdereguleringsplan for Kleppestø sentrum som m.a. skal omfatte kollektivløysingar og -knutepunkt i området. Kommunen legg opp til å vedta planen våren 2023. Det er vidare utarbeida eit forprosjekt for oppgradering av Ravnanger terminal. Midlane vil primært bli brukte til desse tiltaka.

Bompengesystem og rammer

Det vert lagt opp til ei vidareføring av dagens bompengeskjema ved dei 4 eksisterande bomstasjonane. Vidare er det lagt opp til å sette opp ein 5. bomstasjon på Fv. 216 på Kleppevegen rett føre rundkjøringa ved Vatnavatnet ved Kleppestø, og stenge for gjennomkjøring i Skarholmvegen i retning Kleppestø. Siv.ing. Helge Hopen AS har gjennomført ei trafikal vurdering av desse tiltaka, som følgjer vedlagt. Fleire av dei påbegynte og planlagde prosjekta i Askøypakken er på Askøy vest. Med dette vil befolkninga på Askøy vest måtte passere ein bomstasjon for å køyre til kommunesentrumet Kleppestø, slik befolkninga i andre delar av Askøy må i dag. Slik vil pakken betre ivareta nytteprinsippet om at dei som har nytte av prosjekta skal vere med å betale, og at dei som betalar, skal ha nytte av prosjekta.

For at alle prosjekta skal verte realiserte viser berekningane at innkrevjinga må forlengast til 30. oktober 2033 og at realisert gjennomsnittstakst må aukast til 13,90 2021-kr.

Restgjeld

Askøypakken hadde per 31. desember 2020 ei netto lånegjeld på 33,8 mill. kr. Restgjelda frå Askøypakken må innarbeidast i revidert Askøypakke.

Trafikk

Det er utarbeida fylkesvise trafikkprognosar i Nasjonal transportplan 2022 - 2033, der forventa årleg trafikkvekst i tidlegare Hordaland er på 0,88 pst. frå 2019-2029 og 0,68 pst. frå 2030.

Historisk har trafikkveksten i Askøypakken vore negativ, med ein realisert nedgang i passeringar på 0,7 pst. frå innkrevingsstart i 2014 til 2019. 2020 var eit år med stor trafikknedgang, med ein realisert nedgang i passeringar på 3,8 pst. og ein ÅDT på 20 898. 2019 er det nærmaste normale året, med ein ÅDT på 21 857.

I finansieringsanalysen er ÅDT for 2020 lagt til grunn, med 0 pst. årleg vekst i trafikken. Den negative trafikkveksten historisk talar for at ein bør legge konservative anslag til grunn for trafikkavviklinga. Nullvekstmålet i Bergensområdet tilseier også at ein ikkje skal leggje auka trafikk til grunn.

Gjennomsnittleg inntekt per passering

Det vert lagt til grunn ei gjennomsnittleg inntekt per passering på 13,90 2021-kr.

Det er lagt til grunn at køyretøy i takstgruppe 2 (køyretøy med tillat totalvekt over 3 500 kg med unntak av køyretøy i køyretøygruppe M1) skal betale det dobbelte av taksten for køyretøy i takstgruppe 1 (køyretøy med tillat totalvekt til og med 3 500 kg og køyretøy i køyretøygruppe M1) i alle 5 bomstasjonane. Det er vidare lagt til grunn 20 pst. rabatt for køyretøy i takstgruppe 1 med

elektronisk brikke og gyldig avtale. Køyretøy i takstgruppe 2 får ikkje rabatt. I tråd med gjeldande nasjonalt regelverk er det lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 skal betale 50 pst. av taksten for konvensjonelle køyretøy etter brikkerabatt, nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 vil ikkje bli belasta bompengar før det eventuelt vert opna for dette lokalt.

Med dei føresetnadane som elles er lagt til grunn, er det berekna følgjande takstar utan rabatt i 2021-prisnivå:

- Takstgruppe 1: 32 kr
- Takstgruppe 2: 64 kr

Samanlikna med dagens takstnivå utgjer dette er ei auke på 3 kr for takstgruppe 1 og 16 kr for takstgruppe 2. Vidare byggjer berekningane på ei årleg justering av grunntakstane på 2 pst., i tråd med forventa konsumprisindeks.

Auka del med nullutslepp

Gjennomsnittstaksten blir påverka negativt av auka del med nullutsleppskøyretøy. Talet på nullutsleppspasseringar i Askøypakken har dei siste åra vore stigande. Det er nytta tal frå 2019 på alle fritaks- og rabattpasseringar, med unntak av nullutslepp. Der er tal frå 2021 nytta, då nullutsleppspasseringar for betalande passeringar har auka frå 18 pst. i 2019 til førebels 29 pst. i 2021.

Fritaksordningar

Det er lagt til grunn at dagens fritaksordningar for Askøypakken vidareførast. I dagens pakke er det timesregel, og eit passeringstak på 30 passeringar per kalendermånad for køyretøy i både takstgruppe 1 og 2.

Finansiering

Med ei forlenging av Askøypakken blir det lagt til grunn ei total ramme til vegprosjekt frå 2021 til 2028 på 1 662 mill. 2021-kr. I tillegg til utbygging skal opparbeida lån frå opphavleg pakke også finansierast innafor den reviderte pakken. Bompengeselskapet har opparbeida eit netto lån som pr. 31. desember 2020 var på 33,8 mill. kr. Finansieringsplanen for Askøypakken for perioden 2021-2028 er summert i under.

	Mill. 2021-kr
Fylkeskommunale midlar	104
Mva-refusjon	282
Bompengar	1 276
SUM	1 662

Styring etter gjennomsnittstakst

For å kompensere for usikkerheit i inntektene, er det for bompengepakkar lagt opp til å styre etter vedteken gjennomsnittstakst. Ein finn gjennomsnittstaksten ved dele dei totale inntektene i pakken, på summen av alle betalande og betalingsfrie passeringar. Om inntekt per passering fell, t.d. grunna aukande tal på elbilistar eller fleire fritakspasseringar, vil grunntakstane kunne settast opp, slik at ein kjem opp på det nivået på gjennomsnittstaksten som er vedteken. Ei slik styring av grunntakstane etter vedtatt gjennomsnittstakst, er i tråd med råda frå Vegdirektoratet og bidrar til å sikre inntektene i pakken.

Rentenivå

Følgjande basisføresetnader er elles lagt til grunn for finansieringsplanen:

- Lånerente: 5,5 pst. frå 2021 og dei fyrste 10 åra, og deretter 6,5 pst.
- Innskotsrente: 1,5 pst. frå 2021 og dei fyrste 10 åra, deretter 2,5 pst.
- Årlege innkrevjingskostnader: 7,9 mill. 2021-kr, totalt 101 mill. kr. over 13 år.
- Årleg prisstigning: 2,0 pst.
- Netto lånegjeld pr. 31. desember 2020: 33,8 mill. kr

Basert på føresetnadane er brutto bompengeinntekter i perioden 2021-2033 rekna til om lag 1 556 mill. 2021-kr. Av dette er det lagt til grunn at 1 276 mill. kr kan gå til veginvesteringar, 33,8 mill. kr til nedbetaling av eksisterande gjeld, og 145 mill. kr til rente på lån og 101 mill. kr i innkrevjingskostnader.

Styring av Askøypakken

Det er etablert eit kontaktutval med representantar frå Askøy kommune og Vestland fylkeskommune som er føresett vidareført i ny pakke. Bompengeselskapet Ferde AS kan møte i

kontaktutvalet ved behandling av saker som er aktuelle for bompengerevidring. Kontaktutvalet skal drive porteføljestyring. Omfanget av utbygginga vert tilpassa den økonomiske ramma. Om alle prosjekta vert bygd før utløpet av bompengerperioden, skal bompengerperioden bli avslutta.

Fylkeskommunal garanti

Fylkeskommunen må garantere for lån. Behovet for låneopptak er reka til maksimalt 575 mill. kr. I tillegg er det krav om eit tillegg på 10 prosent for å dekkje renter og omkostningar, slik at samla garantibeløp vert 633 mill. kr. Dette beløpet skal prisjusterast, samtidig som garantibeløpet vert redusert i takt med nedbetaling av lånet.

Vidare prosess

Askøy kommunestyre handsamar sak om revidert Askøypakke på møtet 23. september. Det må gjerast likelydande vedtak i kommunestyre og fylkesting om innhaldet i pakken. Fylkestinget må i tillegg gjere vedtak om fylkeskommunal garanti.

Parallelt med politisk handsaming av saka, vert det arbeida med eit utkast til bompengeproposisjon som skal gå til kvalitetssikring i Vegdirektoratet rett etter fylkestinget sitt vedtak. Vegdirektoratet har uttalt at dei treng 1 måned for å handsame saka. Basert på Vegdirektoratet sine vurderingar vil så utkastet til bompengeproposisjon bli korrigerast. Statens vegvesen sender deretter inn utkast til bompengeproposisjon til Samferdselsdepartementet, som legg saka fram for Stortinget.

For at Stortinget skal handsame saka i vårsesjonen 2022, må departementet ferdigstille utkast til proposisjon før påske. Dette inneberer at Statens vegvesen må oversende utkast til bompengeproposisjon før årsskiftet 2021/2022. Dette er ein stram framdriftsplan. Om nokre delar i framdriftsplanen tek lenger tid enn forventa, vil det truleg ikkje vere mogleg å rekkje vedtak i Stortinget i løpet av vårsesjonen 2022. Stortinget vil som hovudregel handsame bompengeproposisjonar for fylkesvegar i løpet av vårsesjonar. Departementet sin frist for å fremje proposisjonar for Stortinget i vårterminen er som regel før påske.

Vedtakskompetanse

Etter økonomireglement pkt. 7.1 er det fylkestinget som kan gjere vedtak om låneopptak.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Bompengar bidreg til å realisere vegprosjekt som elles ikkje let seg finansiere innanfor fylkeskommunen sine økonomiske rammer. Det er lagt til grunn at fylkeskommunen bidreg med 104 mill. kr for perioden, i tillegg til refusjon av meirverdiavgift. Fylkeskommunen endrar ikkje sitt økonomiske bidrag, men garanti for bompengelånet for Askøypakken vert forlenga med 5 år.

Klima:

Nye vegprosjekt fører med seg klimautslepp i utbyggingsfasen. I driftsfasen bidrar betre vegar til redusert utslepp frå noverande trafikk, og i bompengerperioden vil det vere noko trafikkavvising. Betre vegar kan føre til auka trafikk på sikt.

Folkehelse:

Betre vegar vil betre tryggleiken i trafikken for både billistar og mjuke trafikkantar.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Forlenging av Askøypakken byggjer opp under utviklingsplanen sine delmål 3.1. «Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar» og delmål 3.3 «Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester».

Revidering av Askøypakken er eit tiltak i høyringsframlegget til Regional transportplan Vestland 2022-2033.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren meiner det er eit stort behov for å betre vegstandarden på Askøy. Ut i frå fylkeskommunen sin økonomiske situasjon, vil dette krevje bompengefinansiering. Fylkeskommunedirektøren støtter difor Askøy kommune sitt ønske om forlenging av Askøypakken.

Det er lagt opp til eit enklare fagleg grunnlag enn det som er vanleg med bompengepakkar. Sidan det i det vesentlege er det lagt opp til ei vidareføring av dagens innkrevjingsssystem med 5 år, er det ikkje behov for like omfattande analysar som for andre vegpakkar.

Askøy kommune har i tillegg til å ønskje vidareføring av dagens fire bomstasjonar, også ønskja å etablere ein ny bomstasjon på Kleppevegen og stenge den kommunale vegen Skarholmvegen for gjennomkøring i retning Kleppestø. Dermed vil bilistar som køyrar mot Kleppestø måtte passere ein bomstasjon. Fylkeskommunedirektøren har forståing for at kommunen også ønskjer at befolkninga i Askøy vest skal betale i retning mot Kleppestø, slik ein må frå andre delar av Askøy. Det vil også gje auka inntekter i pakka, og med dette føre til at bompengetaksten kan haldast noko lågare.

I Prp. 197 S (2012-2013) om Askøypakken er det fylkeskommunale bidraget føresett brukt til kollektivtiltak. Grunna manglande planavklaring har det til no berre vore brukt ein mindre sum til kollektivtiltak. Fylkeskommunedirektøren vil presisere at gjeldande proposisjon vil vere førande ved ei forlenging. I ein ny proposisjon om forlenging av Askøypakken vil det framleis vere føresett at det fylkeskommunale bidraget er øymerka kollektivtiltak. Askøy kommune inngår også i byvekstområdet med nullvekst i biltrafikken som mål, slik at det må leggjast til rette for ei styrking av kollektivtrafikken i kommunen. Det vil særleg vere viktig å leggje til rette for gode kollektivløysingar på Kleppestø, der det også er tilknytning til hurtigbåt mot Bergen.

Fylkeskommunedirektøren har lagt ein tidsplan med sikte på å kunne rekkje handsaming i Stortinget i vårterminen 2022. Denne tidsplanen er avhengig av at Statens vegvesen og Samferdselsdepartementet si handsaming av saka. Det er m.a. usikkert om det vert krav til ekstern kvalitetssikring (KS2). Det er vidare grunn til å vise til at departementet har presisert at det ikkje er avgjort om Samferdselsdepartementet vil fremje ein proposisjon om forlenging.